Arbeidsgruppe Sikker drift – Semesteravgift, kopi- og læremiddelavgift

Høyringsnotat 20.10.16

Framlegg til fastsetting av semesteravgift og kopi- og læremiddelavgift for vårsemesteret 2017

Bakgrunn

Med det utgangspunktet at alle studentar ved Høgskulen på Vestlandet skal handsamast likt og betala dei same obligatoriske avgifter, fekk arbeidsgruppa til oppgåve å foreslå nivå på eventuell avgift knytt til kopiering, papirbruk eller anna som skal gjelda alle studentar ved HVL. Gruppa skal også foreslå eventuelle gode studentane skal ha tilbake for betaling av denne avgifta.

Gruppa fekk og til oppgåve å innhente opplysningar frå Studentsamskipnaden på Vestlandet om fastsetting av semesteravgift, slik at det er eit samla oversyn over desse avgiftene.

Arbeidsgruppa har kartlagt kva avgifter studentane på dei tre institusjonane har betalt hausten 2016.

	HiB	**HSH**	**HiSF**
Semesteravgift	550	410	450
Vederlag/kopinor	0	175	150
Sum avgifter h- 2016	**550**	**585**	**600**

Gruppa har også innhenta informasjon om kva studentane betaler ved nokre andre uh-institusjonar:

Høgskule/univ.	**Obl. avgift**
HiOA	800
HSN	785
UiA	750
UiS	700
NORD	685
HiHM	745

Om semesteravgift
Alle som er tatt opp til studium som er normert til 15 studiepoeng eller meir per semester, og alle som tek eksamen skal betale semesteravgift, jf Forskrift om studentsamskipnader § 17. Personar som har opptak til studium mindre enn 15 studiepoeng kan velje om dei vil betale i semester utan eksamen. Utdanningsinstitusjonen kan avgjere at studentar på oppdragsstudium ikkje skal betale semesteravgift når det etter ei samla vurdering av omfang på undervisning, undervisnings- og eksamensstad og andre forhold ikkje verkar rimelig å rekne deltakarane som studentar.

Det er styret for studentsamskipnaden som fastset semesteravgifta.

*Om kopi- og læremiddelavgif*t

Utdanningsinstitusjonen har heimel til å krevje betaling av alle studentar for materiell som kan sidestillast med læremiddel med unntak av studentar på oppdragsstudium jf forskrift om egenbetaling for universiteter og høgskoler § 3.3. I høyringsnotat til denne forskrifta i 2005 vart dette omtalt slik:

§ 3-3 Andre utgifter knyttet til studiene: *Institusjonen kan ikke kreve betaling av studenter utover materiell som kan sidestilles med læremidler. Betaling som pålegges studentene må være betaling for reelle ytelser. Institusjonen kan fastsette betaling for grupper av studenter. Eventuelt vederlag for vernet materiale etter opphavrettslovgivningen kan inngå i betalingsgrunnlaget. Institusjonen må håndtere innbetaling slik at det for grupper av studenter kan kontrolleres at betalingen ikke overstiger kostnadene.*

Merknad til § 3-3: *Med læremidler forstås materiell som studentene med rimelighet har måttet finansiere selv slik som lærebøker, kompendier, kopier, utskrifter, papir og lignende.*

Arbeidsgruppa sitt framlegg:

Semesteravgift
Frå 1.01.17 vert det felles semesteravgift for alle studentar ved HVL. Etter dei opplysningane arbeidsgruppa har no, vert denne avgifta ei vidareføring av semesteravgifta ved HiB som er kr 550.

Kopi- og læremiddelavgift
Ut frå eigenbetalingsforskrifta med merknader vil gruppa foreslå ei kopi- og læremiddelavgift som byggjer på tre komponentar:

- Kostnadar til Kopinoravtalen for studentar
- Kostnader til BOLK (kompendier som vert gjort tilgjengelege elektronisk via LMS)
- Startpakke for kopiar på studentkortet

Berekningsgrunnlaget

	Berekningsgrunnlag	Kostnad per student per semester
Kopinoravgift	Kopinoravgifta er no kr 195,80 per heiltidsekvivalent. Kostnad per student er berekna ut frå studenttal i DBH ved HiB, HiSF og HSH for 2015	Kr 168
BOLK	Bokført kostnad fram til september 2016 for dei tre institusjonane er kr 210 000. Gruppa foreslår å doble kostnaden for eit heilt år Kr 210.000 * 2= kr 420 000 Kostnad per student per år: kr 420 000/16000= kr 26	Kr 13
Startpakke kopiar	Kr 100 i startpakke til nye studentar. Om lag 1/3 av studenttalet er nye studentar. 16000/3*100 = kr 533 000 delt på 16 000 studentar = kr 33	Kr 16
Sum		Kr 197 - avrunda kr 200

For at institusjonen skal få dekt reelle kostnader til læremiddel, er det gruppa si tilråding at kopi- og læremiddelavgift for studentar vert sett til kr 200,- per semester.

Samla avgift for studentar ved Høgskulen på Vestlandet vil med dette vera kr. 750,- per semester.

Arbeidsgruppa foreslår at kopi- og læremiddelavgift vert kravd inn av Høgskulen på Vestlandet saman med semesteravgift og eventuell SAIH-avgift. Det må gjerast eigen avtale med Studentsamskipnaden på Vestlandet om vidareformidling av semesteravgift og eventuell SAIH-avgift. Det må vere lagt til rette for dette i FS til registrering for vårsemesteret 2017.